

Tilbakemelding høyringsutkast

I det følgjande vært det gjeve ei konkret tilbakemelding på **1) definisjon av og 2) tilstrekkelege strategiar** for oppfølging av dei største utsleppspunkta i Fylket.

1. Dei største utsleppspunkta i Fylket

Tilbakemelding 1:

Ein har i høyringsutkastet byrja å definere dei største utsleppskjeldene, men dette kunne ha vore gjort tydelegare og meir systematisk. Dei 10-20 største utsleppspunkta i næringslivet i fylket kunne vore særleg framheva, navngjeve og tallfesta. Det hadde og vore interessant å sjå betre korleis utsleppsbiletet for desse eventuelt endrar seg og kva tiltak dei har satt i gong for å få ned eigne utslepp.

Nokre sentrale punkt henta frå høyringsutkastet:

- Energiutvinning, -foredling og varmeproduksjon i Hordaland sto for utslepp av 2,5 mill. tonn CO₂-ekv., 30 % av utsleppa i landet innanfor landbasert industri (punkt 2.1).
- Industriutsleppa i Hordaland har gått opp (punkt 6.1.1).
- Industri og bergverk (inkl. prosessering av olje- og gass) står for 80 % av utsleppa.
- Typisk for fylket er nokre store punktvisse utslepp.
- 11 store industriverksemder er pliktige å kjøpe kvotar i EU-ETS.
- Raffineriet på Mongstad er den største enkeltutsleppskjelda i landet og med 1,7 mill. tonn
- Næringslivet sitt stasjonære energibruk er 65 % av all stasjonær energibruk i fylket (punkt 6.1.2). I tillegg kjem energibruk til prosessføremål, dei store industriverksemdene dominerer også her. Gasnor Kollsnes og Sør-Norge Aluminium AS (Søral AS) er her nevnt.

2) Tilstrekkelege strategiar

Tilbakemelding 2:

Det er uklart korleis strategiane som vert sett i verk syt for å nå måla inn mot dei største utsleppspunkta i næringslivet i fylket. Det verkar som om det her manglar tilstrekkeleg sterke verkemiddel for oppfølging og for å nå måla i dette tunge industri og prosess-segmentet. Kvar av strategiane kunne vore utdjupa betre og meir konkrete når det gjeld korleis desse skal bidra til reduksjon av utslepp for dei største utsleppspunkta i næringslivet.

6.3 STRATEGIAR FOR NÆRING (henta frå høyringsutkastet)

Strategi A: Klimafokus i Regional næringsplan for Hordaland

Strategi B: Miljøsertifisering og miljøstyring

Strategi C: Berekraftig bruk av ressursane

Korleis tenker ein å syte for at Strategi A, B og C vert relevant for og faktisk trer i kraft hos dei største utsleppskjeldene?